

Trond Pedersen

**Tilpassing på
arbeidsmarknaden for
personar som går ut av status
som yrkeshemma i Arena-
registeret - 2005**

Rapporter

I denne serien publiseres statistiske analyser, metode- og modellbeskrivelser fra de enkelte forsknings- og statistikkområder. Også resultater av ulike enkeltundersøkelser publiseres her, oftest med utfyllende kommentarer og analyser.

Reports

This series contains statistical analyses and method and model descriptions from the various research and statistics areas. Results of various single surveys are also published here, usually with supplementary comments and analyses.

© Statistisk sentralbyrå, august 2007
Ved bruk av materiale fra denne publikasjonen,
skal Statistisk sentralbyrå oppgis som kilde.

ISBN 978-82-537-7217-2 Trykt versjon
ISBN 978-82-537-7218-9 Elektronisk versjon
ISSN 0806-2056

Emnegruppe
06.01

Design: Enzo Finger Design
Trykk: Statistisk sentralbyrå

Standardtegn i tabeller	Symbols in tables	Symbol
Tall kan ikke forekomme	Category not applicable	.
Oppgave mangler	Data not available	..
Oppgave mangler foreløpig	Data not yet available	...
Tall kan ikke offentliggjøres	Not for publication	:
Null	Nil	-
Mindre enn 0,5 av den brukte enheten	Less than 0.5 of unit employed	0
Mindre enn 0,05 av den brukte enheten	Less than 0.05 of unit employed	0,0
Foreløpig tall	Provisional or preliminary figure	*
Brudd i den loddrette serien	Break in the homogeneity of a vertical series	—
Brudd i den vannrette serien	Break in the homogeneity of a horizontal series	
Desimalskilletegn	Decimal punctuation mark	,(,)

Samandrag

Trond Pedersen

Tilpassing på arbeidsmarknaden for personar som går ut av status som yrkeshemma i Arena-registeret - 2005

Rapporter 2007/27 • Statistisk sentralbyrå 2007

I denne rapporten vert det gjort ein beskrivande analyse av tilpassinga på arbeidsmarknaden for personar som har vært registrerte som yrkeshemma i NAV sitt register over arbeidssøkarar ved arbeidskontora. Undersøkinga er ein vidareutvikling av eit arbeid med å skape eit tabellgrunnlag for vidare analysar av yrkeshemma. Opplysningar om status på arbeidsmarknaden, demografiske kjenneteikn og tiltakshistorie blir nytta som grunnlag for tabellanalysen.

Utvalet består av personar som går ut av statusen som yrkeshemma i løpet av første halvdel av 2005, og evalueringstidspunktet er satt til slutten av november same året. Personane blir grupperte etter om dei har delteke i eit tiltak eller ikkje, i tillegg til at dei vidare blir inndelt etter tiltakstype. *Yrkeshemma som ikkje går på tiltak*, blir kategorisert etter om individa søker attføring, er i kartleggingsfase eller ventar på tiltak.

Datamaterialet er basert på kopla data frå ulike administrative register. Utvalet er trekt frå NAV sitt arbeidssøkarregister Arena, og består av til saman 25 923 personar i 2005 (16 165 personar i 2000).

Den største delen personar som gjekk ut i arbeid i november 2005 finn me blant dei som deltok på eit tiltak i regi av Folketrygda (består av *skule og eigen etablering*). Ein part på 51 prosent i denne gruppa var sysselsette i november. Dette har óg vore tilfelle i dei tidlegare analysane av dei yrkeshemma. *Yrkeshemma som ikkje går på tiltak* har ein lågare del i jobb enn resten av utvalet. Delen sysselsette for denne gruppa var på 35 prosent i 2005. *Lønstilskot og varig tilrettelagt arbeid* utmerkar seg i kvar sin ende, med sysselsettingsdelar på respektive 81 og 18 prosent.

Prosjektstøtte: Arbeidet er utført som eit oppdrag for Arbeids- og inkluderingsdepartementet.

Innhold

1. Innleiing	7
2. Oversikt over tiltak for yrkeshemma	8
2.1. Arbeidsmarknadstiltak for ordinær arbeidskraft, der yrkeshemma inngår i målgruppa	8
2.2. Arbeidsmarknadstiltak for yrkeshemma	8
3. Personar som gjekk ut av yrkeshemma status i perioden januar - juni 2005	10
3.1. Beskrivande analyse av dei yrkeshemma	10
3.2. Inndeling etter type tiltak og arbeidsmarknadsstatus i november	10
4. Oppsummering	13
Referansar	14
Vedlegg	
A. Demografiske kjenneteikn og tiltaksfordeling	15
B. Oversikt over arbeidsmarknadsstatusar i SFP	18

Tabellregister

3. Personar som gjekk ut av yrkeshemma status i perioden januar - juni 2005

3.1.	Personar som gjekk ut av yrkeshemma status i løpet av dei første seks månadane i 2005, etter demografiske kjenneteikn. Absolutte tal og prosent	10
3.2a.	Personar som gjekk ut av yrkeshemma status i løpet av dei første 6 månader i 2005, etter type tiltak og arbeidsmarknadsstatus i november same året. Absolutte tal.....	11
3.2b.	Personar som gjekk ut av yrkeshemma status i løpet av dei første 6 månader i 2005, etter type tiltak og arbeidsmarknadsstatus i november same året. Prosent.....	11

Vedlegg

A.1.	Personar som gjekk ut av yrkeshemma status i løpet av dei første 6 månadane i 2005, etter fylke. Absolutte tal og prosent	15
A.2.	Personar som gjekk ut av yrkeshemma status i løpet av dei første 6 månadane i 2005, etter type tiltak og kjønn. Absolutte tal og prosent.....	15
A.3a.	Personar som gjekk ut av yrkeshemma status i løpet av dei første 6 månadane i 2005, etter type tiltak og alder. Absolutte tal	16
A.3b.	Personar som gjekk ut av yrkeshemma status i løpet av dei første 6 månadane i 2005, etter type tiltak og alder. Prosent	16
A.4a.	Personar som gjekk ut av yrkeshemma status i løpet av dei første 6 månadane i 2005, etter type tiltak og utdanning. Absolutte tal	17
A.4b.	Personar som gjekk ut av yrkeshemma status i løpet av dei første 6 månadane i 2005, etter type tiltak og utdanning. Prosent	17
A.5.	Yrkeshemma ikkje på tiltak i 2005, fordelt på gjennomsnittleg tal på månader som yrkeshemma dei siste 12 månader	17

1. Innleiing

Denne rapporten er ei vidareføring av arbeidet med å utvikle eit tabellgrunnlag for analysar av personar som er registrerte som yrkeshemma i Arbeids- og velferds-etaten (NAV) sitt arbeidssøkarregister, Arena. Tidlegare vart arbeidet utført som ein del av ei årleg resultatvurdering av arbeidsmarknadstiltak basert på registerdata, finansiert av Arbeids- og inkluderings-departementet (AID). I dei seinare år har AID valt å fokusere på evaluering av arbeidsmarknadstiltak retta mot ordinære arbeidstakarar, og SSB har difor ikkje gjort nokon analyse av dei yrkeshemma sidan 2002 (dvs. 2000-utvalet). Grunna avgrensa ressursar, inneheld denne rapporten berre dei mest sentrale tabellane.

I samsvar med førre rapport om yrkeshemma, "Tilpassing på arbeidsmarkedet for personer som går ut av status som yrkeshemmet i SOFA-søker-registeret - 2000 og 2001" (Pedersen (2002)), er det blitt gjort ei detaljert inndeling av status på arbeidsmarknaden pr. november, for personar som avslutta ein tilstand som yrkeshemma i løpet av første halvdel av året, men denne gongen for et 2005-utval. Ved hjelp av informasjon frå System for persondata (SFP), er det kopla på opplysningar frå ei rekke administrative register. Hovudresultata finn ein i kapittel 3.2. Tabellane der inneheld SFP-status pr. november 2005, og detaljert tiltakstype i første halvdel same året, for utvalet av yrkeshemma. Tiltakstypen er den siste vedkommande deltok på før statusen som yrkeshemma vart avslutta.

Følgjande personar inngår i tabellane:

Personar som går ut av statusen "yrkeshemma" i løpet av første halvdel av 2005.

Personane i utvalet kan vere registrerte som yrkeshemma heilt fram til juni, men ikkje i juli. Ein person i utvalet kan ikkje gå ut av statusen "yrkeshemma", for deretter å kome attende igjen i perioden januar - juni.

Tabellane i kapittel 3.1 gir ei oversikt over utvalet definert ovanfor, fordelt på demografiske kjenneteikn. I vedlegg A vert personane i tillegg fordelte etter tiltakstype. Vedlegg A inneheld dessutan tal på gjennomsnittleg varigheit som yrkeshemma dei siste 12 månader, for yrkeshemma som ikkje deltok på tiltak i første halvdel av 2005.

Det er store variasjonar mellom dei ulike tiltaka når det gjeld tilpassinga på arbeidsmarknaden, målt i november 2005. Skilnadane seier likevel ikkje utan vidare noko om kva slag tiltak som er mest effektive med tanke på å få yrkeshemma ut i til dømes ordinært arbeid. Dei viktigaste årsakene til dette er:

- Eigenskapane ved personane på dei ulike tiltaka. Det at tiltaka for yrkeshemma er retta mot personar med ulike føresetnader for å få arbeid, tilseier óg at sannsynet for å få jobb er forskjellig.
- Organisering av tiltaka. Eit døme på dette er lønstilskot. Som regel skal tilsettingsforholdet for personar på dette tiltaket ha lengre varigheit enn tiltaksperioden. Tilsettingsperioden kan dermed overlapp evalueringstidspunktet.

2. Oversikt over tiltak for yrkeshemma

I dette kapittelet blir dei ulike typane av arbeidsmarknadstiltak for yrkeshemma gjennomgått. Informasjonen er henta frå "FOR 2001-12-20 nr 1544: Forskrift om arbeidsmarknedstiltak" (<http://www.lovdata.no/cgi-wift/ldles?doc=/sf/sf/sf-20011220-1544.html>).

2.1. Arbeidsmarknadstiltak for ordinær arbeidskraft, der yrkeshemma inngår i målgruppa

2.1.1. Opplæring (Arbeidsmarknadsopplæring (AMO))

Målgruppe: Yrkeshemma og ordinære arbeidssøkarar med behov for kvalifisering, samt arbeidstakarar i ein usikker sysselsettingssituasjon som har behov for kvalifisering. Deltakarar i opplæringstiltak må vere over 19 år (med unntak av yrkeshemma med rett til yrkesretta attføring).

Varighet: Inntil 10 månader. Yrkeshemma som tek ordinær utdanning som ledd i yrkesretta attføring, kan ta utdanning så lenge det blir betrakta som nødvendig og hensiktsmessig ut i frå føremålet.

Opplæring skal bidra til at yrkeshemma og ordinære arbeidssøkarar blir kvalifiserte til ledige jobbar, og hindra utstøyting av arbeidstakarar som står i fare for å falla ut av arbeidslivet. Opplæring for yrkeshemma blir gjeven enten som arbeidsmarknadskurs (organisert i samarbeid med NAV), eller ordinær utdanning som ledd i yrkesretta attføring.

2.1.2. Arbeidspraksis (Praksisplassar)

Målgruppe: Yrkeshemma og ordinære arbeidssøkarar med behov for tilrettelagt arbeidstrening og oppfølging (arbeidspraksis i ordinær verksemd), samt yrkeshemma med særleg usikre yrkesrelaterte føresetnader og med behov for tett og brei oppfølging (arbeidspraksis i skjjerma verksemd).

Varighet: Inntil 3 år for yrkeshemma på arbeidspraksis i ordinær verksemd. Inntil 10 månader, med moglegheit for 10 månaders forlenging for yrkeshemma på arbeidspraksis i skjjerma verksemd.

Tiltaket skal gje tilrettelagt arbeidstrening med oppfølging, og bidra til å prøva ut den einskilte sine moglegheiter på arbeidsmarknaden og styrka deltakarane sine moglegheiter til å koma i arbeid eller utdanning.

2.2. Arbeidsmarknadstiltak for yrkeshemma

2.2.1. Lønstilskot til arbeidsgjevarar

Målgruppe: Yrkeshemma arbeidssøkarar

Varighet: Inntil 18 månader (inntil 3 år frå 1. januar 2006)

Lønstilskot skal bidra til å motivere arbeidsgjevarar til å ta inn arbeidslause og yrkeshemma til ordinært arbeid på vanlige løns- og arbeidsvilkår. Lønstilskot kan ytast til etablerte bedrifter med ordinær produksjons- og sysselsettingsverksemd.

2.2.2. Sysselsettingstiltak for yrkeshemma i offentlig verksemd

Målgruppe: Yrkeshemma arbeidssøkarar med behov for arbeidserfaring av lengre varighet.

Varighet: Inntil 2 år.

Ordninga tek sikte på å framskaffa ekstraordinære midlertidige arbeidsplassar i kommunal, fylkeskommunal og statleg verksemd, der det offentlege har ein eigarpart på meir enn 50 prosent eller dekkjer meir enn 50 prosent av driftsutgiftene. Andre typar arbeidsmarknadstiltak må ha vore vurdert først.

2.2.3 Arbeid med bistand

Målgruppe: Yrkeshemma arbeidssøkarar med så omfattande yrkeshemningar at dei har eit særleg behov for tett og brei oppfølging for å få eller behalda arbeid. *Varighet:* Maksimal varighet er 3 år. Ved overgang frå skule eller soning i institusjon kan varigheita utvidast med inntil 6 månader.

Formålet med tiltaket er at yrkeshemma arbeidssøkarar skal kunne få eller behalda eit arbeide i ordinært arbeidsliv. Dette skal skje ved at tilretteleggjarar yter nødvendig bistand til den yrkeshemma og den arbeidsplassen kor vedkommande er utplassert.

2.2.4 Arbeidsmarknadsbedrifter

Målgruppe: Yrkeshemma arbeidssøkarar.

Varighet: Inntil 2 år med mogelegheit for forlenging dersom det er nødvendig for å få fagbrev. For varig tilrettelagt arbeid i arbeidsmarknadsbedrift er det ingen tidsavgrensing. Formidling til arbeide i ordinært arbeidsliv skal likevel vurderast med jamne mellomrom.

Den primære målsetnad er attføring gjennom avklaring, opplæring/arbeidstrening og varig tilrettelagt arbeide med sikte på formidling til ordinært arbeid eller utdanning. Tiltaket vert gjennomført i verkelege bedriftsmiljø.

2.2.5. Varig tilrettelagt arbeid (Arbeidssamvirketiltak)

Målgruppe: Personar som har eller snart vil få uførepensjon, og som har behov for særskilt tilrettelegging og tett oppfølging. Andre arbeidsmarknadstiltak skal først ha vorte vurdert som uaktuelle.

Varighet: Uavgrensa. Det skal likevel vurderast om det kan vere aktuelt med overføring til andre arbeidsmarknadstiltak, utdanning eller formidling til ordinært arbeid, med jamne mellomrom.

Deltakarane i tiltaket er tilsette i eit arbeidssamvirke med produksjon og sal av varer og tenester. Tiltaket skal tilby personar som ikkje kan få ordinært arbeid, arbeidsoppgåver som passar kvar enkelt.

3. Personar som gjekk ut av yrkeshemma status i perioden januar - juni 2005

3.1. Beskrivande analyse av dei yrkeshemma

Personar som gjekk ut av yrkeshemma status første halvår i 2005, blir i dette avsnittet fordelte på demografiske kjenneteikn som kjønn, innvandrarstatus, alder, utdanning, og om dei er registrerte som deltakar på eit tiltak. Vedlegg A inneheld meir utfyllande beskrivande tabellar som også syner kva slag tiltak utvalsindividua deltok i før dei gjekk ut av status som yrkeshemma. I det same vedlegget vert gruppa som ikkje deltok på tiltak trekt frem, ved å vise det gjennomsnittlege talet på månader som deltakar i attføringstiltak og som yrkeshemma elles i løpet av dei siste 12 månader før status som yrkeshemma vart avslutta.

Noko ein kan leggja merke til i tabell 3.1, er at yrkeshemma personar på tiltak verkar å vere yngre enn dei som ikkje deltek på tiltak. Delen personar 50 år og eldre er på respektive 16 og 25 prosent for dei to gruppene. Ein annan ting er at dei med ein lengre grad av utdanning (avsluttande vidaregåande eller meir)

utgjer ein større del når ein samanliknar yrkeshemma som deltek på tiltak, med dei som ikkje gjer det.

3.2. Inndeling etter type tiltak og arbeidsmarknadsstatus i november

Personar som gjekk ut av statusen som yrkeshemma i løpet av første halvår av 2005, blir i dette kapitlet fordelte på 11 ulike arbeidsmarknadsstatusar i november same året, i tillegg til kva slag tiltak dei har delteke i. SSB sitt "System for persondata" (SFP) blir nytta når ein grupperer mellom dei 11 statusane. SFP er eit datasett som blir danna på grunnlag av ei rekkje bakgrunnsregister henta frå ulike kjelder. For nokre vert registeret ein person finst i, direkte bestemmande for kva slag arbeidsmarknadsstatus han får. For andre som finst i fleire register samstundes, vil eit sett med reglar avgjere kva slag opplysning som blir vurdert som viktigast når ein skal kategorisera. Kvar enkelt person kan berre ha ein hovudstatus i SFP på ei og same tid. Ei nærare forklaring på dei 11 moglege tilstandane blir gitt i vedlegg B.

Tabell 3.1. Personar som gjekk ut av yrkeshemma status i løpet av dei første seks månadane i 2005, etter demografiske kjenneteikn. Absolutte tal og prosent

Yrkeshemma	I alt		Yrkeshemma på tiltak		Yrkeshemma ikkje på tiltak	
	Tal	Prosent	Tal	Prosent	Tal	Prosent
I alt	25 923	100	10 220	100	15 703	100
Kvinner	12 554	48	5 098	50	7 456	47
Ikkje-vestl. innvandrar	2 209	9	672	7	1 537	10
Alder						
Under 20 år	488	2	206	2	282	2
20-24 år	2 187	8	848	8	1 339	9
25-29 år	2 973	11	1 356	13	1 617	10
30-49 år	14 680	57	6 225	61	8 455	54
50-59 år	4 741	18	1 384	14	3 357	21
60 år -	854	3	201	2	653	4
Utdanning						
Uoppgitt/Ingen	895	3	254	2	641	4
Grunnskule	4 083	16	1 247	12	2 836	18
Vidareg. grunnutd.	10 721	41	3 945	39	6 776	43
Vidareg. avsluttande	6 470	25	2 984	29	3 486	22
Påbygging til vidareg.	813	3	406	4	407	3
Universitet/ Høgskule	2 941	11	1 384	14	1 557	10

Tabell 3.2a. Personar som gjeikk ut av yrkeshemma status i løpet av dei første 6 månader i 2005, etter type tiltak og arbeidsmarknadsstatus i november same året. Absolutte tal

Type tiltak	I alt	Status											
		Løns-takar	Sjølvs-tendig	Arb.-tiltak	Att-føring	Heilt ledig	Sjukes-meldt	Utdan-ning	Ufør	Annan attføring	Alders pensjon	Anna	Uop-pgitt
I alt	25 923	9 522	759	487	621	2 217	1 494	702	2 541	3 822	38	3 400	320
Kapittel 1591	2 760	1 029	42	101	109	245	120	105	172	389	-	413	35
AMO og praksisplassar	2 760	1 029	42	101	109	245	120	105	172	389	-	413	35
Kapittel 1592	2 100	977	23	47	80	150	102	19	296	153	14	201	38
Lønstilskot	611	487	8	22	13	35	5	4	5	7	-	23	2
Syssels.tiltak i off. verksemd	47	24	-	3	2	7	1	1	2	4	-	3	-
Arbeid med bistand	504	157	4	2	18	22	51	5	95	66	1	77	6
Arbeidsmarknadsbedrifter	600	222	11	17	20	75	37	8	40	70	4	90	6
Varig tilrettelagt arbeid	264	47	-	1	20	2	7	1	146	2	8	6	24
Anna	74	40	-	2	7	9	1	-	8	4	1	2	-
Kapittel 2543	5 360	2 618	122	153	82	788	101	169	164	654	-	455	54
Skule	4 636	2 371	92	137	69	715	56	151	126	506	-	363	50
Eigen etablerar	131	40	21	2	1	13	6	-	2	8	-	36	2
Uspesifisert 2543-tiltak	593	207	9	14	12	60	39	18	36	140	-	56	2
Yrkeshemma, ikkje på tiltak	15 703	4 898	572	186	350	1 034	1 171	409	1 909	2 626	24	2 331	193
Søker attføring	1 412	499	62	20	47	191	53	41	40	244	-	203	12
I kartleggingsfase	9 820	2 757	388	93	180	504	867	254	1 394	1 772	15	1 474	122
I ventefase for tiltak	4 471	1 642	122	73	123	339	251	114	475	610	9	654	59

Tabell 3.2b. Personar som gjeikk ut av yrkeshemma status i løpet av dei første 6 månader i 2005, etter type tiltak og arbeidsmarknadsstatus i november same året. Prosent

Type tiltak	I alt	Status											
		Løns-takar	Sjølvs-tendig	Arb.-tiltak	Att-føring	Heilt ledig	Sjukes-meldt	Utdan-ning	Ufør	Annan attføring	Alders pensjon	Anna	Uop-pgitt
I alt	100	37	3	2	2	9	6	3	10	15	0	13	1
Kapittel 1591	100	37	2	4	4	9	4	4	6	14	-	15	1
AMO og praksisplassar	100	37	2	4	4	9	4	4	6	14	-	15	1
Kapittel 1592	100	47	1	2	4	7	5	1	14	7	1	10	2
Lønstilskot	100	80	1	4	2	6	1	1	1	1	-	4	0
Syssels.tiltak i off. verksemd	100	51	-	6	4	15	2	2	4	9	-	6	-
Arbeid med bistand	100	31	1	0	4	4	10	1	19	13	0	15	1
Arbeidsmarknadsbedrifter	100	37	2	3	3	13	6	1	7	12	1	15	1
Varig tilrettelagt arbeid	100	18	-	0	8	1	3	0	55	1	3	2	9
Anna	100	54	-	3	9	12	1	-	11	5	1	3	-
Kapittel 2543	100	49	2	3	2	15	2	3	3	12	-	8	1
Skule	100	51	2	3	1	15	1	3	3	11	-	8	1
Eigen etablerar	100	31	16	2	1	10	5	-	2	6	-	27	2
Uspesifisert 2543-tiltak	100	35	2	2	2	10	7	3	6	24	-	9	0
Yrkeshemma, ikkje på tiltak	100	31	4	1	2	7	7	3	12	17	0	15	1
Søker attføring	100	35	4	1	3	14	4	3	3	17	-	14	1
I kartleggingsfase	100	28	4	1	2	5	9	3	14	18	0	15	1
I ventefase for tiltak	100	37	3	2	3	8	6	3	11	14	0	15	1

I SFP er det eit brot i tala før og etter 2000¹. Brotet kjem av at ein i dei nyaste årgangane også nyttar Løns-

og trekkoppgåverregisteret (LTO), for å identifisera fleire sysselsette enn det Arbeidstakarregisteret og Sjølvmeldingsregisteret/Likningsregisteret gjer. Dette fører til at nivået på arbeidsstyrken kjem på høgde med det Arbeidskraftundersøkelsen (AKU) til SSB syner. Hovudsakleg inneberer brotet at talet på sysselsette har vorte oppjustert med ca. 8 prosent. Mesteparten av

¹ Brotet i SFP-tala gjeld eigentleg frå og med 2000, men den nye versjonen av SFP for november 2000 (med LTO-opplysningar) var ikkje klar då den førre rapporten om yrkeshemma vart laga. Difor er det berre 2005-tala i denne rapporten som nyttar den nye SFP-versjonen som vart gjeldande etter brotet.

oppjusteringa av sysselsettinga kjem frå personar som tidlegare tilhørte gruppene *utdanning* og *anna*. Desse to kategoriane har vorte nedjustert med respektive 24 og 27 prosent. Dette er noko ein må ta omsyn til når ein samanliknar 2005-tala i denne rapporten, med SFP-tala som har vorte nytta ved dei tidlegare analysane av dei yrkeshemma.

Tabellane 3.2a og 3.2b syner at personar som deltok på tiltak klassifisert under kapittel 2543, er dei som i størst grad var i arbeid i november 2005. For gruppa sett under eitt var 51 prosent registrerte som sysselsett (lønstakar eller sjølvstendig næringsdrivande). Denne typen tiltak har kome best ut også i alle dei tidlegare undersøkingane SSB har hatt av yrkeshemma på tiltak, der SFP er nytta (dekkjer åra 1998 – 2000), jfr. Pedersen (2002), "Tilpassing på arbeidsmarkedet for personer som går ut av status som yrkeshemmet i SOFA-søker-registeret – 1999 og 2000" (Pedersen (2001)) og "Tilpassing på arbeidsmarkedet for personer som går ut av status som yrkeshemmet i SOFA-søker-registeret – 1998" (Bråthen & Pedersen (2001)). I 2000 var 48 prosent av deltakarane i denne tiltakstypen registrerte som sysselsett i november (Pedersen (2002)). Justert for brotet i 2000, var sysselsettingsdelen om lag på same nivå som i 2005. Men samstundes har tiltak under kapittel 2543 (les: *skule*) óg utmerka seg med ein høg del arbeidslause i november, samanlikna med dei andre tiltakstypene, så biletet er ikkje heilt eintydig. Me merker oss dessutan at *yrkeshemma som ikkje går på tiltak* har ein lågare del i jobb enn resten av utvalet, noko som óg har vore tilfelle tidlegare. Delen sysselsette for denne gruppa var 35 prosent i november 2005. For heile utvalet av yrkeshemma var det 40 prosent som var sysselsett i november.

For dei ulike tiltaka er det store variasjonar når det gjeld tilpassinga på arbeidsmarknaden i november. Dersom me berre ser på parten som kjem i jobb, finn me *lønstilskot* i den eine enden, og *varig tilrettelagt arbeid* i den andre, med respektive 81 og 18 prosent. Resultata blir naturleg nok påverka av dei definerte målgruppene. Den høge delen sysselsette i november for deltakarar på *lønstilskot*, kan forklarast med at desse individar blir tilsette på vanlege løns- og arbeidvilkår (har allereie ein fot innanfor den ordinære arbeidsmarknaden), og at dei i mindre grad enn andre treng tilrettelegging og oppfølging. Tiltaka som er retta mot særleg utsette grupper, er dei som har den lågaste delen personar i arbeid på evalueringstidspunktet. *Varig tilrettelagt arbeid* og *arbeid med bistand* tilhøyrer denne kategorien. Den høge delen uføre i november for desse to tiltaka skuldast naturleg nok at deltakarane har sterkare grad av yrkeshemning samanlikna med andre tiltak. Målgruppa for *varig tilrettelagt arbeid* er personar som enten er eller kjem til å bli uføre innan kort tid, og då er ikkje delen på 55 prosent uføre i november særleg overraskande.

Når ein ser på utviklinga over tid, ser ein først og fremst at talet på yrkeshemma har auka betydeleg (60 prosent auke frå 2000 til 2005). Oppgangen har hovudsakleg kome blant yrkeshemma som ikkje deltek på tiltak, slik at denne gruppa no utgjør 61 prosent av det totale utvalet. I 2000 var parten på 30 prosent. Sidan desse har ein lågare sysselsettingsdel i november enn personar på tiltak, skulle ein forvente at auken i talet på personar ville bidra til ein nedgang i parten sysselsette blant dei yrkeshemma totalt sett, men dette er ikkje tilfelle. Frå 2000 til 2005 aukar delen sysselsette i november frå 36 til 40 prosent. Justerer ein for brotet i 2000, er det om lag ingen endring i sysselsettingsdelen. Ser ein på det tilsvarande talet for dei som ikkje er på tiltak, var det ein oppgang frå 26 til 35 prosent (frå 28 til 35 prosent når ein justerer for brotet). Ikkje berre har denne gruppa bidrege til auken i massen, men også til at sysselsettingsdelen ikkje gjekk ned i ein periode kor arbeidsmarknaden vart noko vanskelegare (arbeidsløysa auka frå 2,7 til 3,0 prosent). Ei forklaring på at jobbsituasjonen for yrkeshemma som ikkje deltek på tiltak er blitt betre, er at den sterke auken i massen gjer at den no i større grad inneheld "vanlege" arbeidssøkarar (med betre moglegeheiter til å få seg jobb).

4. Oppsummering

I denne rapporten blir ein del tabellar med informasjon om dei yrkeshemmas tilpassing i arbeidsmarknaden presentert, i tillegg til ulike individuelle karakteristika. Når me samanliknar dei forskjellige hovudgruppene med yrkeshemma, kjem det blant anna fram at personar som i løpet av dei første seks månader av året deltok på tiltak klassifisert under kapittel 2543 (tiltak under Folketrygda) er dei som i størst grad går over i jobb i november. I 2005 vart 51 prosent av desse klassifiserte som sysselsett i november. Dette har vore tilfelle også i dei tidlegare undersøkingane av dei yrkeshemma. Me merkjer oss dessutan at *yrkeshemma som ikkje går på tiltak* har ein lågare del i jobb enn resten av utvalet, noko som óg har vore tilfelle tidlegare. Delen sysselsette for denne gruppa var på 35 prosent. Elles er det store variasjonar i tilpassinga på arbeidsmarknaden for dei ulike sortane tiltak for yrkeshemma. Dersom me ser på delen som hamnar i jobb i november, finn me *lønstilskot* i den eine enden, og *varig tilrettelagt arbeid* i den andre, med respektive 81 og 18 prosent i 2005. Resultata blir naturlegvis påverka av kva som er målet med dei respektive tiltaka, og kven som er målgruppa. Til dømes kan me nemna at tiltak som er retta mot særleg utsette grupper er dei som har den lågaste delen personar i arbeid på evalueringstidspunktet.

Frå 2000 til 2005 auka delen sysselsette i november frå 36 til 40 prosent for heile utvalet av yrkeshemma, men etter at ein justerer for brotet i SFP i 2000 (som førte til at talet på sysselsette i befolkninga vart oppjustert med 8 prosent), var det i realiteten inga endring i sysselsettingsdelen. For yrkeshemma som ikkje deltok på tiltak, var det derimot ein auke frå 28 til 35 prosent i sysselsettingsdelen i same periode, sjølv etter at ein har justert for brotet. Dette har nok bidrege til at delen sysselsette ikkje har vorte redusert totalt sett for utvalet av yrkeshemma, i eit tidsrom kor arbeidsmarknaden vart noko vanskelegare.

Referansar

FOR 2001-12-20 nr 1544: Forskrift om arbeidsmarkedstiltak (<http://www.lovdata.no/cgi-wift/ldles?doc=/sf/sf/sf-20011220-1544.html>).

Pedersen, T. (2002): *Tilpassing på arbeidsmarkedet for personer som går ut av status som yrkeshemmet i SOFA-søker-registeret - 2000 og 2001*. Rapporter 2002/30. Statistisk sentralbyrå, Oslo.

Pedersen, T. (2001): *Tilpassing på arbeidsmarkedet for personer som går ut av status som yrkeshemmet i SOFA-søker-registeret - 1999 og 2000*. Rapporter 2001/33. Statistisk sentralbyrå, Oslo.

Bråthen, M. & Pedersen, T. (2001): *Tilpassing på arbeidsmarkedet for personer som går ut av status som yrkeshemmet i SOFA-søker-registeret - 1998*. Notater 2001/16. Statistisk sentralbyrå, Oslo.

Demografiske kjenneteikn og tiltaksfordeling

Tabell A.1. Personar som gjekk ut av yrkeshemma status i løpet av dei første 6 månadane i 2005, etter fylke. Absolutte tal og prosent

Fylke	Tal	Prosent
I alt	25 923	100
Østfold	1 659	6
Akershus	2 209	9
Oslo	2 456	10
Hedmark	889	3
Oppland	1 079	4
Buskerud	1 512	6
Vestfold	1 580	6
Telemark	1 114	4
Aust-Agder	803	3
Vest-Agder	1 141	4
Rogaland	1 513	6
Hordaland	2 399	9
Sogn og Fjordane	468	2
Møre og Romsdal	1 248	5
Sør-Trøndelag	1 299	5
Nord-Trøndelag	911	4
Nordland	1 927	7
Troms	1 021	4
Finnmark	666	3
Uoppgitt	29	0

Tabell A.2. Personar som gjekk ut av yrkeshemma status i løpet av dei første 6 månadane i 2005, etter type tiltak og kjønn. Absolutte tal og prosent

Type tiltak	I alt		Menn		Kvinner	
	Tal	Prosent	Tal	Prosent	Tal	Prosent
I alt	25 923	100	13 369	52	12 554	48
Kapittel 1591	2 760	100	1 393	50	1 367	50
AMO og praksisplassar	2 760	100	1 393	50	1 367	50
Kapittel 1592	2 100	100	1 292	62	808	38
Lønstilskot	611	100	411	67	200	33
Syssels.tiltak i off. verksemd	47	100	32	68	15	32
Arbeid med bistand	504	100	282	56	222	44
Arbeidsmarknadsbedrifter	600	100	372	62	228	38
Varig tilrettelagt arbeid	264	100	157	59	107	41
Anna	74	100	38	51	36	49
Kapittel 2543	5 360	100	2 437	45	2 923	55
Skule	4 636	100	2 124	46	2 512	54
Eigen etablerar	131	100	70	53	61	47
Uspesifisert 2543-tiltak	593	100	243	41	350	59
Yrkeshemma, ikkje på tiltak	15 703	100	8 247	53	7 456	47
Søker attføring	1 412	100	709	50	703	50
I kartleggingsfase	9 820	100	5 060	52	4 760	48
I ventefase for tiltak	4 471	100	2 478	55	1 993	45

Tabell A.3a. Personar som gjekk ut av yrkeshemma status i løpet av dei første 6 månadane i 2005, etter type tiltak og alder. Absolutte tal

Type tiltak	I alt	Alder					
		Under 20 år	20-24 år	25-29 år	30-49 år	50-59 år	Over 60 år
I alt	25 923	488	2 187	2 973	14 680	4 741	854
Kapittel 1591	2 760	178	354	326	1 428	413	61
AMO og praksisplassar	2 760	178	354	326	1 428	413	61
Kapittel 1592	2 100	13	212	285	1 102	388	100
Lønstilskot	611	2	44	91	369	93	12
Syssels.tiltak i off. verksemd	47	-	9	3	22	9	4
Arbeid med bistand	504	3	76	90	249	78	8
Arbeidsmarknadsbedrifter	600	8	61	66	299	128	38
Varig tilrettelagt arbeid	264	-	21	25	118	67	33
Anna	74	-	1	10	45	13	5
Kapittel 2543	5 360	15	282	745	3 695	583	40
Skule	4 636	15	245	663	3 207	476	30
Eigen etablerar	131	-	2	11	90	24	4
Uspesifisert 2543-tiltak	593	-	35	71	398	83	6
Yrkeshemma, ikkje på tiltak	15 703	282	1 339	1 617	8 455	3 357	653
Søker attføring	1 412	11	130	212	821	215	23
I kartleggingsfase	9 820	90	848	933	5 235	2 255	459
I ventefase for tiltak	4 471	181	361	472	2 399	887	171

Tabell A.3b. Personar som gjekk ut av yrkeshemma status i løpet av dei første 6 månadane i 2005, etter type tiltak og alder. Prosent

Type tiltak	I alt	Alder					
		Under 20 år	20-24 år	25-29 år	30-49 år	50-59 år	Over 60 år
I alt	100	2	8	11	57	18	3
Kapittel 1591	100	6	13	12	52	15	2
AMO og praksisplassar	100	6	13	12	52	15	2
Kapittel 1592	100	1	10	14	52	18	5
Lønstilskot	100	0	7	15	60	15	2
Syssels.tiltak i off. verksemd	100	-	19	6	47	19	9
Arbeid med bistand	100	1	15	18	49	15	2
Arbeidsmarknadsbedrifter	100	1	10	11	50	21	6
Varig tilrettelagt arbeid	100	-	8	9	45	25	13
Anna	100	-	1	14	61	18	7
Kapittel 2543	100	0	5	14	69	11	1
Skule	100	0	5	14	69	10	1
Eigen etablerar	100	-	2	8	69	18	3
Uspesifisert 2543-tiltak	100	-	6	12	67	14	1
Yrkeshemma, ikkje på tiltak	100	2	9	10	54	21	4
Søker attføring	100	1	9	15	58	15	2
I kartleggingsfase	100	1	9	10	53	23	5
I ventefase for tiltak	100	4	8	11	54	20	4

Tabell A.4a. Personar som gjekk ut av yrkeshemma status i løpet av dei første 6 månadane i 2005, etter type tiltak og utdanning. Absolutte tal

Type tiltak	I alt	Utdanning					
		Uoppgitt/ Ingen	Grunnskule	Vidareg. grunn- utdanning	Vidareg. avsluttande	Påbygging til vidareg.	Univ./ Høgskule
I alt	25 923	895	4 083	10 721	6 470	813	2 941
Kapittel 1591	2 760	106	515	1 222	634	65	218
AMO og praksisplassar	2 760	106	515	1 222	634	65	218
Kapittel 1592	2 100	86	336	1 030	458	40	150
Lønstilskot	611	13	77	260	184	11	66
Syssels.tiltak i off. verksemd	47	2	11	18	9	1	6
Arbeid med bistand	504	10	79	254	116	14	31
Arbeidsmarknadsbedrifter	600	38	116	298	111	9	28
Varig tilrettelagt arbeid	264	23	45	168	22	1	5
Anna	74	-	8	32	16	4	14
Kapittel 2543	5 360	62	396	1 693	1 892	301	1 016
Skule	4 636	51	326	1 426	1 643	268	922
Eigen etablerar	131	3	9	43	46	7	23
Uspesifisert 2543-tiltak	593	8	61	224	203	26	71
Yrkeshemma, ikkje på tiltak	15 703	641	2 836	6 776	3 486	407	1 557
Søker attføring	1 412	62	201	540	377	41	191
I kartleggingsfase	9 820	406	1 794	4 332	2 113	249	926
I ventefase for tiltak	4 471	173	841	1 904	996	117	440

Tabell A.4b. Personar som gjekk ut av yrkeshemma status i løpet av dei første 6 månadane i 2005, etter type tiltak og utdanning. Prosent

Type tiltak	I alt	Utdanning					
		Uoppgitt/ Ingen	Grunnskule	Vidareg. grunn- utdanning	Vidareg. Avslut-tande	Påbygging til vidareg.	Univ./ høgskule
I alt	100	3	16	41	25	3	11
Kapittel 1591	100	4	19	44	23	2	8
AMO og praksisplassar	100	4	19	44	23	2	8
Kapittel 1592	100	4	16	49	22	2	7
Lønstilskot	100	2	13	43	30	2	11
Syssels.tiltak i off. verksemd	100	4	23	38	19	2	13
Arbeid med bistand	100	2	16	50	23	3	6
Arbeidsmarknadsbedrifter	100	6	19	50	19	2	5
Varig tilrettelagt arbeid	100	9	17	64	8	0	2
Anna	100	-	11	43	22	5	19
Kapittel 2543	100	1	7	32	35	6	19
Skule	100	1	7	31	35	6	20
Eigen etablerar	100	2	7	33	35	5	18
Uspesifisert 2543-tiltak	100	1	10	38	34	4	12
Yrkeshemma, ikkje på tiltak	100	4	18	43	22	3	10
Søker attføring	100	4	14	38	27	3	14
I kartleggingsfase	100	4	18	44	22	3	9
I ventefase for tiltak	100	4	19	43	22	3	10

Tabell A.5. Yrkeshemma ikkje på tiltak i 2005, fordelt på gjennomsnittleg tal på månader som yrkeshemma dei siste 12 månader

Yrkeshemma status	Månader som yrkeshemma i alt	Månader i attføring	Månader i tiltak v/trygdeetaten ¹	Månader som yrkeshemma elles ²
Søker attføring	1,8	0,1	0,0	1,7
I kartleggingsfase	7,9	1,9	0,6	5,4
I ventefase for tiltak	9,5	3,2	1,6	4,7

¹ Tiltak under kap. 2543 (støtte til ordinær utdanning, eigen etablering, hospitering)

² Består av yrkeshemma som ikkje er i tiltak.

Oversikt over arbeidsmarknadsstatusar i SFP

System for persondata (SFP) er eit system av datafiler basert på administrative data om personar. Målet har vore å lage konsistente data for ulike aktivitetar og tilstandar, til dømes mellom arbeid og arbeidsløyse. I systemet finst det og ein del demografiske bakgrunnsvariablar om personane. Dei fleste variablar blir henta direkte frå dei ulike grunnlagsregistra, medan enkelte må konstruerast ved å kombinere data frå ulike kjelder. I ein del tilfelle kor variablane frå ulike register ikkje stemmer over eins, er det gjort endringar for å få konsistente data.

Ved gruppering av personane etter arbeidsmarknadsstatus, er det først gjort ei undersøking av kva slag register personane er registrerte som aktive i på referansetidspunktet. Dersom eit individ er registrert som aktiv i minst eitt register på referansedatoen, blir vedkommande gruppert som aktiv i ein bestemt status. Til dømes vil ein person som er registrert som aktiv i Arbeidstakarregisteret bli klassifisert som lønstakar. Likeins vil ein person som er registrert som aktiv i Sjukepengeregisteret med fråver på meir enn 56 dagar bli rekna for langtidssjukmeldt. For å gi dei forskjellige personane ein hovudstatus på referansetidspunktet, er det blitt laga føringar for statusgruppenes innbyrdes prioritering.

Nedanfor blir dei 11 hovudgruppene nærare forklarte, inkludert kva slag register som dannar grunnlaget for kvar enkelt status.

Lønstakar

Kjelde: Arbeidstakarregisteret (NAV)
Einkvar som arbeider i annans teneste for løn og annan godtgjering på referansetidspunktet. Dei lønstakarane som har ei avtalt arbeidstid på 30 timar eller meir for veka, er definerte som lønstakarar på heiltid. Lønstakarar med avtalt arbeidstid på 4 - 29 timar er definerte som lønstakarar på deltid.

Sjølvtendig

Kjelde: Sjølvmeldingsregisteret (Likningsregisteret vart nytta tidlegare) (Skattedirektoratet)
Pensjonsgjevande inntekt som næringsdrivande over ei gitt beløpsgrense i løpet av året.

Arbeidsmarknadstiltak

Kjelde: Arena-registeret (NAV)
Personar registrerte på eit ordinært arbeidsmarknadstiltak ved utgangen av november.

Attføring

Kjelde: Arena-registeret (NAV)
Personar på attføringstiltak ved utgangen av november.

Heilt arbeidslaus

Kjelde: Arena-registeret (NAV)
Personar registrerte som arbeidssøkarar i tillegg til ikkje å være sysselsett eller på eit arbeidsmarknadstiltak.

Utdanning

Kjelde: Statistisk sentralbyrå sitt utdanningsregister.
Personar med igangverande ordinær utdanning pr. oktober.

Sjukemeldt

Kjelde: Fødsels- og sjukepengeregisteret (NAV)
Personar som er langtidssjukemeldte og mottar sjukepengar frå Folketrygda på referansetidspunktet, men som ikkje har eit tilhøyrande sysselsetjings- eller arbeidssøkarforhold. Dette skal eigentleg ikkje førekoma, men gjer det i nokon grad for personar som er registrerte i Arena-registeret og så blir langtidssjukemeldte. Nytt i 2005-utvalet er at denne kategorien også inneheld tidsavgrensa uføre. Dette gjer at talet på personar i denne gruppa får ein kunstig auke.

Uføretrygda

Kjelde: Grunnlagsregisteret for pensjonar (NAV).
Personar som mottar uføretrygd på referansetidspunktet.

Annan attføring

Kjelde: Attføringspengeregisteret (NAV).
Restgruppe av yrkeshemma som ikkje blir plasserte i gruppa med vanleg attføring.

Alderspensjonist

Kjelde: Grunnlagsregisteret for pensjonar (NAV).
Personar som mottar alderspensjon på referansetidspunktet.

Anna

Denne statusen inneheld følgjande undergrupper:

Etterletnepensjonistar

Kjelde: Grunnlagsregisteret for pensjonar (NAV).
Måling: Utgangen av året.

Einslege forsørgjarar

Kjelde: Registeret for einslege forsørgjarar (NAV).
Måling: Utgangen av året.

Sosialhjelp

Kjelde: Statistisk sentralbyrå sitt register over personar som har motteke økonomisk sosialhjelp.
Måling: Referansetidspunktet.

Anna

Restgruppe som består av bl.a.: Heimeverande, personar som lever av kapitalinntekt, personar i uregistrert arbeid (kort arbeidstid, kortvarig arbeid, svart arbeid), studentar i utlandet, vernepliktige og sivilarbeidarar, familiearbeidarar.